

Det flerspråklige bibliotek

Det flerspråklige bibliotek (Nasjonalbiblioteket) har eit stort uval av bøker på heile 70 språk! Biblioteket kan bestille bestemte bøker til deg eller bokpakkar på språk du er interessert i.

**Har du eit Nasjonalt lånekort
kan du sjølv bestille bøker via
nettsida dfb.nb.no og få dei sendt
til eitt av biblioteka våre.**



Verdensbiblioteket

På Verdensbiblioteket finn du e-bøker og lydbøker på fleire språk som er tilgjengelege for strøyming. Det finst e-bøker og lydbøker på språk som arabisk og tyrkisk, og nye språk og titlar vert jamleg lagt til.

Du opprettar sjølv ein gratis brukar på verdensbiblioteket.no og loggar inn.



Lesekroken

Lesekroken.no er ein nettbasert eventyrportal med m.a. eventyr og barnesongar på 22 språk. Det er 4 eventyr som går igjen på kvart framandspråk. Lesekroken.no inneheld også ulike oppgåver og aktivitetar knytt til eventyra.

Du får tilgang til portalen på biblioteket.



BiblioFil-appen

Med BiblioFil-appen har du lånekortet ditt på mobilen! Du kan også søke etter bøker i samlinga vår, reservere og fornye låna dine sjølv. I tillegg har du tilgang til spennande digitale bibliotektenester for utlån av e-bøker, musikk, tidsskrift og film.



Last ned biblioFil-appen i Google Play eller Apple Store, vel "Vestland fylke" og deretter "Sunnfjord bibliotek". Logg på med lånenummer og pinkode.

Biblioteksøk

Har ikkje vi dei bøkene du er ute etter? Du kan sjølv bestille bøker og anna materiale frå andre bibliotek via **bibsok.no** og hente boka hos oss.

**Logg deg inn med
lånenummer og pinkode.**



DIGITALE TENESTER

FRÅ DITT BIBLIOTEK



Biblioteka
I SUNNFJORD KOMMUNE

sunnfjordbibliotek.no
57721909
bibliotek@sunnfjord.kommune.no



BØKER OG LYDBØKER
AVISER OG TIDSSKRIFT
FILM OG MUSIKK
ULIKE SPRÅK

Bookbites

Lastar du ned appen Bookbites kan du låne e-bøker og e-lydbøker gratis. For å låne må du ha lånekort på biblioteket.



Du lagar ein brukar med epost-adresse og passord, eller via Google- eller Facebook-kontoen din. Logg inn med lånenummer og pinkode frå biblioteket.

Nettbiblioteket

Gjennom Nasjonalbiblioteket sitt nettbibliotek kan du lese norske, digitaliserte bøker som kom ut i år 2000 og tidlegare. Det er over 500 000 bøker tilgjengeleg i nettbiblioteket. I tillegg er det mogeleg å lese mange tusen tidsskrift, aviser og sjå digitaliserte bilete.

Nettbiblioteket, (nb.no), er gratis tilgjengeleg for alle med norsk IP-adresse.



Helsebiblioteket

Via Helsebiblioteket.no får du gratis tilgang til fagprosedyrer, oppslagsverk, databasar, tidsskrift og andre kunnskapsressursar for helsepersonell.

[helsebiblioteket.no](#)

Pressreader

Appen Pressreader gjev deg tilgang til over 7000 aviser og tidsskrift, med norske aviser som Aftenposten, Fædrelandsvennen og Bergens Tidende.



Last ned appen og kople deg på nettverket på biblioteket. No har du tilgang til Pressreader i 7 dagar. Du må innom biblioteket kvar 7. dag for å få oppdatert tilgangen.

På PC går ein inn på [pressreader.com](#) medan ein er på biblioteket sitt nettverk.

Avistenesta

På nettbiblioteket til Nasjonalbiblioteket kan du lese digitaliserte aviser og tidsskrift frå heile landet heime hjå deg sjølv, spesielt eldre utgåver. Dei eldste avisene er fritt tilgjengeleg å lese for alle medan andre kan vere regulert etter kva årstall dei kom ut.

Biblioteka har utvida tilgang, så i våre biblioteklokale kan du med passord få tilgang til nye, digitaliserte aviser.



Spør etter passord i skranken.

nb.no

Filmbib

På Filmbib vil du finne ei unik samling av kortfilmar for både barn og vaksne. Til saman er det rundt 400 titlar tilgjengeleg for gratis strøyming for deg som bibliotekbrukar.

Logg inn på [filmbib.no](#) med lånekortnummeret ditt og PIN-kode.



Filmoteket

Med lånekort kan du frå sofaen sjå 4 filmar kvar månad på filmoteket.no. Kvar film kan du sjå så mange gonger du vil i løpet av 48 timer. Du kan overføre filmane til større skjerm via AirPlay eller Chromecast.

Opprett profil på [filmoteket.no](#) med e-postadresse og passord, lånekortnummeret og pinkode.



Naxos

Naxos Music Library er ei gratis strøymeteneste for klassisk musikk. Du har tilgang til musikkarkivet med 130.00 innspelingar, mest innan klassisk, men dei fleste musikksgangrar er representerte.

Du finn Naxos via BiblioFil-appen under "Digitale tenester".

